

## **Voss Idrottsråd, styremøte 20.11.17**

Stad: Idrettshallen

Tilstades: Einar, Olav, Nils, Renate, Sven Oscar, Frode

Meldt forfall: Brit Elisabeth

### **Sakliste:**

#### **1. oppfylgjing av forrige møtereferat.**

- ok. Godkjent.

#### **2. Reguleringsplan Bømoen.**

- gjennomgang av Voss Idrottsråd m/fl sin uttale i saken 2.3.2016.
- diskusjon og gjennomgang av kartutsnitt og planar, mandat og rolla vår i høve å verne om idretten og friluftslivets interesser.

- medlemer i Idrottsrådet er interessert i å ta vare på område og anlegg som det er i dag for å ivareta idrettens interesser, og heller ekspandere idrettens moglegheiter for utvikling i området.

- gjennomgang av innspel frå Voss Fallskjermklubb v/Andreas Håland Hemli.

- Vedtak: Voss Idrottsråd støttar fråsegnene frå Voss kommunestyre, og me støttar også merknadane i uttalen og innspelet frå Voss Fallskjermklubb i saken om reguleringsplan i Bømoen.

#### **3. Vedlikehaldsmidlar idrettsanlegg**

- gjeld kr 200.000 totalt, til ulike anlegg innan vinter- og sommaridretter. Tildeling 2017 til fylkesanlegg (Bavallen og Herresåsen) og andre vinteranlegg (Tunåsen, Dalane, Framnes) og sommaranlegg: nærmiljøanlegg Haugsvik og kunstgrasbanar.

- me bør diskutere kriterier og retningsliner for tildeling av vedlikeholdsmidlar, og spesielt i samband med kommunesamanslåinga. Ta dette opp tidleg 2018, nytt møte onsdag 3.1.18.

- Voss Idrottsråd og kommunen lyt diskutere anlegg og vedlikehald saman med idretten i Granvin. Ta dette opp og kontakte Granvin tidleg 2018.

#### **4. Status OL-saka**

- aksjeselskap danna. Olav Farestveit styreleiar, Frode er med i styret, samt Kari Traa og tre personar frå Bergen.

- Lansering av OL på Vestlandet tidlegare enn planlagd pga Telemark OL si lansering. Diverse mediedekning.

- framdriftsplan under arbeid, med føremål om å avklara om det er mogleg og realistisk å sende søknad om OL i 2026 eller 2030, med fokus på å arbeide frå grasrota/idrettsNorge i form av klubbar, kretsar, forbund og ting.

#### **5. Eventuelt: Sentralidrettsanlegget –detaljreguleringsplan**

- gjennomgang av møterefertat frå 18.10.17 mellom kommunen og tre arkitektfirma sine prosjektskisser og forslag til utvikling av området basert på brukargruppene sine innspel. Kommunen skal jobbe vidare med dette og ta ei avgjerd i jan/feb 2018. Kommunen kan velje element



mellom og på tvers av dei ulike forslaga for å finne den best moglege reguleringsplanen for sentralidrettsanlegget/idrettsparken/idrettstorget.

20.11.17,

Renate Lunde, sekretær